

# Reglement for rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Vedtatt i Vindafjord kommunestyre 27.10.2020, Sak 20/2276, endra 19.09.2023, sak  
54/23

## Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Formål:.....	3
3. Saksområde .....	3
4. Val og samansetjing .....	3
5. Mynde.....	4
6. Rettar og plikter.....	4
7. Opplæring .....	5
8. Årsmelding.....	5

## 1. Innleiing

Reglementet er utarbeidd i medhald av KommuneLova, forskrift om medverknadsordningar, veileidar for rådene for personer med funksjonsnedsetting og veildar for eldreråd.

**Namn:** Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting (REF)

## 2. Formål:

REF er eit rådgjevande organ og som skal stimulera til kvalitet på tenester og bidra til engasjement og medverknad i arbeidet om saker som er særleg viktige for eldre og for menneske med funksjonsnedsetting.

## 3. Saksområde

REF har spesielt ansvar for å uttale seg i saker som gjeld eldre og personar med funksjonsnedsetting. Rådet tar ikkje opp saker som gjeld enkelt personar, men saker av prinsipiell karakter som gjeld eldre og personar med funksjonsnedsetting som gruppe.

REF skal uttale seg i saker som er særskilt viktige med eit spesielt fokus på universell utforming, arbeid om diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og uttale seg på generelt grunnlag om tenester som gjeld menneske med nedsett funksjonsnedsetting.

REF skal konsentrera seg om større og overgripande saker og gi uttale til desse. REF skal ha kommunedirektøren sitt forslag til budsjett og økonomiplanar til handsaming før formannskapet og kommunestyret tek stilling til forslaga.

REF skal vidare gi uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, konsekvensanalysar og planprogram og andre overordna planar som gjeld viktige prinsipielle emne innan REF sitt saksområde.

REF kan på eige initiativ ta opp saker som gjeld eldre og menneske med funksjonsnedsetting.

REF skal inspirera eldre og personar med funksjonsnedsetting i Vindafjord til å delta i demokratiske prosessar og engasjera eldre og personar med funksjonsnedsetting i praktisk politisk arbeid.

REF skal fremja aktiviteter, skapa idear og saman med andre organ arbeida for nye tiltak til gagn for eldre og for personar med funksjonsnedsetting.

## 4. Val og samansetjing

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting vert vald av kommunestyret etter kommune- og fylkestingvalet, kommunelova §5-2

REF har slik samansetjing:

2 medlemmer frå kommunestyret

3 medlemmer frå eldreorganisasjonar

2 medlemmer som representerer personar med funksjonsnedsetting eller deira organisasjonar.

Berørte organisasjonar har rett til å koma med framlegg av medlemmer.

Kvart kjønn skal vera representert med minst 40%

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting vel sjølv leiar og nestleiar.

## 5. Mynde

Representant frå REF kan, etter avtale og når det blir vurdert som formålstenleg, få møta i kommunestyret/politiske utval for å uttala seg til saker som skal handsamast og initiera nye tiltak.

## 6. Rettar og plikter

Medlemmene av REF er folkevalde etter kommunelova. Medlemmene av rådet har same rettar og plikter som andre folkevalde:

Møteplikt og forfall: Plikt til å delta i rådet sine møte dersom dei ikkje har gyldig forfall.

Dersom ein medlem er sjuk, vil det vera ein gyldig forfallsgrunn.

Møtegodtgjersle: Krav på møte- og reisegodtgjersle, samt eventuell tapt arbeidsforteneste, jf. kommunen sitt gjeldande «Forskrift for godtgjersle til folkevalde».

Teieplikt: REF er eit forvaltningsorgan i medhald av forvaltningslova. Rådet sine medlemmer har difor teieplikt etter forvaltningslova.

Møteplan: REF vedtar sin eigen møteplan, som skal tilpassast møteplanen kommunestyret har vedtatt for kommunestyret og politiske utval.

Koordinator- og sekretariatsfunksjon: REF skal verta gitt tilstrekkeleg sekretariatshjelp på lik line med andre politiske utval i kommunen. Kommunedirektøren avgjer, med utgangspunkt i rettleiar for eldre råd og veileidar for råd for personar med funksjonsnedsetting, korleis sekretariatshjelpa og koordineringsansvaret skal organiserast.

Det vert for øvrig vist til kommunelova, forvaltningslova, og til fylgjande reglement i kommunen: "Reglement for Vindafjord kommunestyre", «Forskrift for godtgjersle til folkevalde» og «Politisk delegeringsreglement».

## 7. Opplæring

Opplæringa av medlemmene i REF bør skje så raskt som mogleg etter oppstart. REF bør få informasjon og opplæring, slik at medlemmene blir i stand til å ivareta oppgåva som rådsmedlem. Tema som kan inngå i opplæringa er informasjon om offentleg forvaltning, REF si rolle, møte med politikarar og administrasjon, forventningar og krav og rettar.

## 8. Årsmelding

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting skal leggja fram årsmelding kvart år. Meldinga bør blant anna innehalda kven som har vore representantar, kva saker som er handsama, kva råd og uttalar som er gitt og kva eigne initiativ rådet har tatt. Rapporten skal innehalda ei vurdering av den påverknadskrafta REF meiner det har hatt.

Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret